

10.01.2010

4 nye husvære i Uskedalen i fjar

I fjar vart det ferdigstilt 4 nye husvære og ei ny hytte i Uskedalen, i eitt år då det var ein markant nedgang i byggjing av hus og hytter i kommunen.

55 nye husvære var resultatet medan talet året før var 121.

Halsnøy toppa statistikken med 17 husvære og 6 hytter. Deretter kom Husnes med 13 husvære og Herøysund med 6. Også på Sunde vart det bygt 4 husvære og ei hytte.

Til Kvinnheringen seier fagansvarleg for byggjesaker i kommunen, Jon Harald Kjærland, at finanskrisa kan ha medverka til å dempa bygjeaktiviteten.

Men nedgangen kan også ha noko å gjera at det førekjem bølgjetoppar der ferdigstilling skjer meir konsentrert i tid.